



Mix spelar opp til dans

SOGDAL: Mix spelar på Sogndal hotell 28. og 29. november. Mix er ein duo frå Årdal som vart starta hausten 2000. Duo-en består av to røynde musikarar. Bent Vadseth spelar gitar og syng. Han er også kjent som ein dyktig trubadur og har erfaring frå diverse musikkprosjekt og band, heiter det i ei pressemelding. Frank Johansen trakterer keyboard. Frank har vore dansemusikar i mange år blant anna som medlem i orkesteret Frank Tores. Mix serverer slagarar av Elvis, Creedence, Beatles til nyare ting av Robbie Williams og U2.

Flytter kinoen


AURLAND: Trudvang kino blir flytta til Aurland idretts- og samfunnshus, når den planlagde ombygginga av samfunnshuset er gjennomført. Kommunestyret godkjende dette då dei behandla kulturplanen for Aurland torsdag. I kulturplanen er det også teke opp investering i nytt digitalt kinoanlegg. Noko som vil kosta 600.000 kroner. Digitalt kinoanlegg ligg inne i planen etter kommunestyrevedtaket, men pengane dette vil kosta kjem på plass først når økonomiplanen og investeringsbudsjettet for 2010 skal godkjennast.

Julemesse i Norane

NORANE: Søndag 30. november arrangerer Musikkens Venner den etterkvart så årvisse julemessa i Norane. I år er julemessa i Nortun ungdomshus. Inntektene går i sin heilskap til Norane skule- og ungdomskorps. Norane skule- og ungdomskorps opnar julemessa med ein feiande flott mini-julekonsert. Deretter vert det sal av heimelaga handarbeid og det som høyrer til på ei julemesse. Her kan du kjøpe julepynt og gæver, juledekorasjonar

og kransar i grønt, kaker og juleknekk, eplesoft og mykje meir. Det vert også høve til å kjøpa kaffi, brus og kaker i kafeen.

Musikkens venner håpar at mange finn vegen til julemessa i Nortun og tek søndagskaffien der. Samstundes som du kan gjera eit godt kjøp, støt du opp om og gir eit viktig bidrag til Norane skule og ungdomskorps.



NUMMER 8: Slik ser årets utgåve av Illustrert Tyleskap ut.

Meir Illustrert tyleskap

VIK: For åttande gang er Jens Brekke og Ola Bremnes her med sin illustrerte tyleskap. Det er berre å gle seg.

Ola Bremnes, ein av dei kunstnariske syskena frå litt lenger nord i landet, har illustrert, medan gode gamle Jens Brekke er ansvarleg for tyleskapen og trykkfeila i årets publikasjon frå Heimastølen forlag i Vik.

Dermed er tonen sett – den 8. aorgangen av Illustrert tyleskap er i handelen. Over 32 sider kan du kosa deg med Bremnes sin karakteristiske strek og Brekkes uforlikelege tyleskap på dialekt. Det er mange og akkurat passeleg lange stubbar, som du kan la liggjande og henta fram i mørketida.

Ungkar og gamling

Som «Eit ualminnele lint frieri», om ungkaren som gjekk over Vikafjellet berre for å bli sitjande å kika på ho Hildur i kikkert i timevis før han snudde og gjekk heimover, eller ikkje minst om stubben «Gamling i vegen», om gaml-



STUBBAR: Jens Brekke har framleis mange gode stubbar på lager.

ingen frå Vik som var på biltur til Voss med ny Toyota og som laga kø av sinte bergensarar på heimturen over Vikafjellet. Me skal ikkje røpa meir verken om den eller andre stubbar, men me konstaterer at parhestane Jens Brekke og Ola Bremnes sitt vellukka kunstnariske samarbeid lever vidare i beste velgåande.

Jan Inge Fardal
jan.inge.fardal@sognavis.no

90 ungdommar på flukt i eitt døgn

Spelte somaliske flyktingar Røde Kors arrangerer



KALDT: Ungdommane var på flukt i fleire timar på Hafslo laurdag, i opp mot åtte-ni kuldegrader. Her ventar dei på å koma inn på flyktningekontoret på Luster vidaregåande skule

HAFSLO: I 24 timar, i bitande kulde, utan mobiltelefon og klokke var 90 ungdommar på flukt på Hafslo då Røde Kors arrangerte rollespel.

Likevel, ungdommane fekk nok sikkert ein liten smak på det lite lukrative livet som flykting. Det går knapt an å samanlikna situasjonen det skal forestille, ei flukt frå Mogadishu i Somalia. På Hafslo er det fleire minusgrader, og ungdommane er godt påkledd og lir slik sett inga naud.

Dei får ikkje ha med mobiltelefonar. Om «vaktene» finn dei, blir dei konfiskerte til rollespelet er over.

Olivenolje

Sogn Avis får ein rundtur på Luster vidaregåande skule, der rollespeldeltakarane skal innom fleire kontor. For å halda på realismen i rollespelet, insisterer arrangørane på at journalisten har rolla som reporter frå CNN. Og då føregår det så klart ikkje noko mistenkjeleg på kontora, og vaktene er snille som lam. Aller nåigst får to ungdommar tre ut av rollespelet.

– Det går greit, men me er spente på kva klokke er, seier Anders Stalheim (13) og Åsa S. Ølnes (14) frå Sogndal.

Laurdag ettermiddag har Anders og Åsa vore på flukt i Hafslo i fleire timar, og er no komme til flyktningekontora. Her ventar kroppsvistering, helsesjekk og ei papirmølle



ALT I ORDEN: Når ein representant for pressa er på besøk, får denne kontorfullmektigen opp effektiviteten og ingenting mistenkeleg føregår. Røde Kors stiller med instruktørane til rollespelet.

utan sidestykke. Åsa og Anders veit lite om kva som ventar dei utover laurdagskvelden.

– Cirka halv sju blir flyktningane evakuerte av ymse årsaker, drivne på flukt opp til skyttarbarana, som skal vera grenseovergang til Yemen. Så blir dei flytta til flyktningeleir og får medisn, som er olivenolje og godteriet knott. Dei får og kokt ris, som tilsvaret FN's dagsrasjon for flyktingar på 35 gram ukokt ris, seier spelleiar Karl Johan Bakken i Røde Kors Ungdom.

Starta i 1997

Det er Røde Kors som arrangerer desse rollespela, og i dette tilfellet er dei bestilt av Human-Etisk Forbund. Røde



SKJEMA-VELDE: I rollespelet «På flukt» spelar ungdommane flyktingar frå Somalia. Ungdommane møter skjemavelde, strenge grensevakter og må gjennom ein liten helsesjekk.

Kors har arrangert spelet sidan 1997, og på landbasis har 22.000 ungdommar delteke. Spelet kjem opphavleg frå Danmark der et heitte «Børn på flukt». Røde Kors har 200 aktive instruktørar, og årleg gjennomfører dei om lag 12 spel i Noreg. Spelet varer i 24 timar, frå laurdag klokka 12.

– Søndag føremiddag er ungdommane veldig trette. Men seinare er dei kanskje glade for at dei har vore med på det. Målet er at dei skal skjønna dei etappane flyktningane går gjennom, seier Bakken.

På Hafslo er spelet blitt arrangert sidan 2001 og alle dei borgarlege konfirmantane i Sogn er med. Det er ungdommar frå heile fylket blant deltakarane, og også kyrkjeleg konfirmantar blir inviterte.

– Det er artig å sjå evaluer-

inga av dette. Dei kryssa av for ulike verdiar på eit skjema i forkant, men etterpå valde dei heilt andre verdiar som dei viktigaste, seier Erna Hamrum.

I helga vart det veldig lite søvn på deltakarane, og alle svarte at dei hadde hatt det fælt. Men etter å ha sett ein sterk film om korleis livet kan vera for flyktningebarn, var det ingen som svarte at

dei hadde hatt det ille. På Hafslo er dei godt nøgde med opplegget, og vil halda fram med spelet.

– Det er veldig flott å sjå at det verkar, seier Hamrum.

Keth Øren
keth.oren@sognavis.no

vest FM 103.0 & 106.5 ... MEIR ENN GOD MUSIKK

LYDEN AV SOGN

FRÅ MÅNDAG TIL FREDAG TEK ME PULSEN PÅ SOGN

KVAR DAG FRÅ 10.00 - 12.00

Hårek

SUKK! I DET SISTE HÅK DEI OFTE FORTALT MEI AT EG IKKJE GJER NOKO RETT!

FIENDENE DIN?

NEI, BARNA MINE!

©WFS/Dele/Dulle